



**Vågå  
kommune  
Teknisk**

Norges vassdrags- og energidirektorat NVE  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Melding om vedtak**

Vår ref.  
2012/143/13/

Dykkar ref:

Saksbehandlar  
Laila Nersveen  
61293615

Dato  
03.03.2015

**Høyring av Glommens og Laagens Brukseierforening sitt revisjonsdokument for overføring av Veo til Smådalen/Tessevassdraget**

Vågå kommunestyre behandla i møte 2. mars 2015 sak 13/15 og fatta følgjande vedtak:

- *«I følgje revisjonsdokumentet kjem det fram at når Smådøla kraftverk kjem i drift blir det sannsynligvis aktuelt å overføre så mykje vatn som mogeleg frå Veo. Dette er eit nytt element i reguleringa som må takast med i vurderinga av kva som var forventa konsekvensar av overføringa på det tidspunktet konsesjon opphavleg vart gjeve. For Vågå kommune er det viktig å sikre at levevilkåra for fisk og andre botndyr i elva ikkje blir dårlegare etter revisjon av konsesjonsvilkåra enn slik det har vore tidlegare. Ei tørrlagt elv vil heller ikkje vere eit pent og ønskjeleg landskapselement i Vågå kommune. Det er difor ut frå omsynet til naturmangfaldet og landskapet heilt avgjerande at det blir sett krav om minstevassføring i Veo.*

*I revisjonsdokumentet blir det vist til at kravet om minstevassføring vil gje produksjonstap. Slik rådmannen ser det er dette med å støtter kommunen sitt ønskje om at det er naudsynt med krav om minstevassføring i Veo for å sikre at elva ikkje blir tørrlagt. Ved ein vilkårsrevisjon skal det leggjast vekt på miljøforbetrande tiltak og omsynet til produksjonstap kan ikkje gå foran behovet for miljøforbetrande tiltak. For å sikre at Veo når miljømåla jf. «forskrift om rammer for vannforvaltning» vil det også vere heilt avgjerande at det blir sett krav om minstevassføring.*

*I revisjonsdokumentet står det vidare at dette ikkje er mogleg å sette krav om minstevassføring ettersom det vil stå i motstrid til nye føresegner om fylling av Tesse til et nivå på 3,5 m under HRV 1. juli. I kommunestyrevedtak av 8. mai 2012 vart det vist til at*

*overføringa er nær knytt til Tessereguleringane og at kommunen finn det uheldig at det ikkje vart lagt opp til ei samordning av revisjonane. Det at det no blir vist til at det ikkje er mogleg å sette krav om minstevassføring på grunn av nye føresegner for fylling av Tesse viser at Vågå kommune hadde rett i at det burde ha vore lagt opp til ei samordning av revisjonane. Vågå kommune meiner at det må settast krav om minstevassføring i Veo ettersom når Smådøla kraftverk kjem i drift vil det bli snakk om å overføre så mykje vatn som mogleg frå Veo. Ved ein vilkårsrevisjon skal det leggjast vekt på miljøforbetrande tiltak. Vurdering av behov for minstevassføring i Veo vil difor vere heilt naudsynt. Ein må da søke å finne løysningar som ivaretek både omsynet til Veo og Tesse.*

- *Vågå kommune er samd i at GLB som konsesjonshavar bør påleggast å utarbeide ein uttaks- og istandsettingsplan for tippområdet ved tunnelutløpet i Lom kommune, som tillet at massane fortsatt kan utnyttast til vedlikehald av veganlegga i Veodalen og Smådalen.*
- *Ved revisjon av konsesjonsvilkåra bør dagens standardvilkår for konsesjonssaker bli innført, og eksisterande vilkår må modernisert i tråd med gjeldande praksis.»*

Med helsing

Laila Nersveen  
Plan- og miljørådgjevar



**Vågå  
kommune**

Arkivsak: 2012/143 -10

Arkiv: S05

Saksbehandlar:

Laila Nersveen

| Utv.saksnr | Utval         | Møtedato   |
|------------|---------------|------------|
| 13/15      | Kommunestyret | 02.03.2015 |

## **Høyring av Glommens og Laagens Brukseierforening sitt revisjonsdokument for overføring av Veo til Tessevassdraget**

### **Saksframlegg:**

Gjeldande konsesjon for overføring av Veo til Smådalen/ Tesse vart gjeve 21.10.1983, denne erstatta tidlegare konsesjon av 22.04.1960. Konsesjon er gjeve på ubegrensa tid, men konsesjonsvilkåra kan tas opp til revisjon etter 50 år, jf. vassdragsreguleringslova.

Lom kommune reiste krav om revisjon ved kommunestyrevedtak 22.03.2012, Vågå kommune gjorde det same 08.05.2012. NVE har i brev 30.10.2012 gjort vedtak om at konsesjonsvilkåra for overføringa skal reviderast.

Konsesjonæren, GLB (Glommens og Laagens Brukseierforening) har på oppdrag frå NVE utarbeidd eit revisjonsdokument. Dette dokumentet beskriv overføringa og kjente miljøproblem knytt til denne, GLB sine vurderingar av kommunane sine revisjonskrav, og foreslår avbøtande tiltak. NVE har lagt dokumentet ut til offentleg høyring med uttalefrist 20.12.2015. Vågå kommune har fått utsett uttalefrist til 3. mars 2015.

Konsesjonen er gjeve «til evig tid», dvs. retten til å overføre Veo til Smådalen/ Tessevassdraget er ikkje oppe til revisjon. Derimot kan vilkåra for konsesjonen reviderast og fornyast for å bøte på skader og ulemper som ikkje var kjent/ ikkje vart vurdert då konsesjon opphavleg vart gjeve, eller for tilhøve som først har blitt kjent eller har endra seg etter konsesjonstidspunktet.

Revisjonen skal omfatte «allmenne verdiar og interesser», men ikkje privatrettslege tilhøve, dvs. ulempeserstatning for grunneigarar og andre rettighetshavarar som tidlegare er avgjort ved skjønn. Det går fram av høyringsbrevet at «Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.»

Stortinget vedtok i 2007 «Forskrift om rammer for vannforvaltning» ( EUs Vanndirektiv). Formålet med forskrifta er å gje rammer for fastsetting av miljømål som skal sikre mest mogleg heilskapeleg vern og berekraftig bruk av vassressursane våre. Forskrifta skal sikra at det blir utarbeidd og vedteke regionale forvaltningsplanar og tiltaksprogram for kvar vassregion, der målet skal vere å oppfylle miljømåla. Revisjon av konsesjonsvilkår vil ofte vere eit nødvendig

middel for å nå miljømåla i regulerte vassdrag, dette kan bety at slik revisjon vil bli gjennomført utanom tidsintervalla i vassdragsreguleringslova (50/ 30 år).

Vassforvaltningsplan for vår region har vore ute på offentleg høyring med uttalefrist 31.12.2014. I tiltaksplanen er Veo-overføringa/ Smådøla nemnt, men med merknad «Tiltak vurderes i revisjonsprosessen».

### **Vurdering:**

I kommunestyrevedtak 08.05 2012 har Vågå kommune set fram krav om revisjon av konsesjonsvilkåra for Veo-overføringa, formulert slik:

*«Med heimel i pkt 1 i konsesjon datert 22. april 1960 for overføring av Veo til Tesse set Vågå kommune fram krav om revisjon av konsesjonsvilkåra. Overføringa er nær knytt til Tessereguleringane, og kommunen finn det uheldig at det ikkje vart lagt opp til ei samordning av revisjonane.»*

*Kommunen krev på vegne av allmenne verdiar og interesser revisjon av konsesjonsvilkåra for Veo-overføringa.»*

I brev av 30. oktober 2012 frå NVE under punktet NVes vurdering og konklusjon står det følgjande:

*«Det er NVEs syn at det ved en vilkårsrevisjon skal legges vekt på miljøforbedrende tiltak. NVE mener at de miljømessige virkningene som er tatt opp i kravene fra kommunene påvirker allmenne interesser som ligger innenfor det som kan ivaretas gjennom konsesjonsvilkårene. Behovet for slike vilkår vurderes etter vårt syn best gjennom en revisjonsprosess. Dette gjelder blant annet vurdering av behov for minstevannføring i Veo, konsekvenser som følge av erosjon av elveløpet spesielt fra utløpet av overføringstunellen og ned til innløpet i Smådalsvatni, tilslamming og gjengroing av Smådalsvatni, og virkninger på fiskebestanden i Smådøla og Tesse.»*

GLB set i revisjonsdokumentet fram følgjande framlegg til avbøtande tiltak:

- Utarbeiding av erosjonssikringsplan for det kunstige elveløpet frå tunnelutløpet til Smådøla, event. også for tiltak nedstraums samløpet i Smådalsvatni
- Utarbeiding av uttaks- og istandsettingsplan for tippområdet ved tunnelutløpet
- Fiskeundersøking i Tesse for å overvake bestandsutvikling etter at utsettingspålegget no er oppheva.

GLB forutset vidare at dagens standardvilkår for konsesjonssaker vil bli innført og eksisterande vilkår modernisert i tråd med gjeldande praksis.

Det føreligg ikkje noko eige manøvreringsreglement i den eksisterande overføringskonsesjonen for Veo-overføringa. Overføringstunnelen er bygd med kapasitet ca. 20 m<sup>3</sup>/s. Det er ikkje krav om rest-/ minstevass-føring i Veo. Manøvreringspraksis for overføringa blir derfor i stor grad bestemt av manøvreringsreglement for Tesse (LRV, HRV, krav om oppfylling 3,5 m under HRV pr. 1. juli)

Veo er ei breelv og har høgt innhald av breslam i vatnet som gjev dårlege levetilhøve for fisk. Det finnast likevel ein bestand av aure med relativt god kvalitet i elva og Vågå fjellstyre sett årleg ut 200 settefisk i elva. Vågå kommune har tidlegare vist til at låg vassføring og tørrlegging ikkje har vore eit stort problem tidlegare med omsyn til fiskebestanden. Rådmannen meiner at det likevel er viktig at det no ved revidering av konsesjonsvilkåra blir sikra ei viss minstevassføring i elva for å sikre at elva ikkje blir tørrlagt.

GLB skriv i revisjonsdokumentet at Vågå kommune slår fast at mangel på minstevassføring ikkje er eit miljøproblem for Veo som fiskeelv. Dette er ikkje riktig sitert. I saksframlegget til revisjonskravet står det at låg vassføring og tørrlegging ikkje har vore eit stort miljøproblem for Veo som fiskeelv.

Det går fram av revisjonsdokumentet at når Smådøla kraftverk kjem i drift blir det sannsynligvis aktuelt å overføre så mykje vatn som mogeleg frå Veo. Dette er eit nytt element i reguleringa som må takast med i vurderinga av kva som var forventa konsekvensar av overføringa på det tidspunktet konsesjon opphavleg vart gjeve. For Vågå kommune er det viktig å sikre at levevilkåra for fisk og andre botndyr i elva ikkje blir dårlegare etter revisjon av konsesjonsvilkåra enn slik det har vore tidlegare. Ei tørrlagt elv vil heller ikkje vere eit pent og ønskjeleg landskapselement i Vågå kommune. Det er difor ut frå omsynet til naturmangfaldet og landskapet heilt avgjerande at det blir sett krav om minstevassføring i Veo.

I revisjonsdokumentet blir det vist til at kravet om minstevassføring vil gje produksjonstap. Slik rådmannen ser det er dette med å støtter kommunen sitt ønskje om at det er naudsynt med krav om minstevassføring i Veo for å sikre at elva ikkje blir tørrlagt. Ved ein vilkårsrevisjon skal det leggjast vekt på miljøforbetrande tiltak og omsynet til produksjonstap kan ikkje gå foran behovet for miljøforbetrande tiltak. For å sikre at Veo når miljømåla jf. «forskrift om rammer for vannforvaltning» vil det også vere heilt avgjerande at det blir sett krav om minstevassføring.

I revisjonsdokumentet står det vidare at det ikkje er mogleg å sette krav om minstevassføring ettersom det vil stå i motstrid til nye føresegner om fylling av Tesse til et nivå på 3,5 m under HRV 1. juli. I kommunestyrevedtak av 8. mai 2012 vart det vist til at overføringa er nær knytt til Tessereguleringane og at kommunen finn det uheldig at det ikkje vart lagt opp til ei samordning av revisjonane. Det at det no blir vist til at det ikkje er mogleg å sette krav om minstevassføring på grunn av nye føresegner for fylling av Tesse viser at Vågå kommune hadde rett i at det burde ha vore lagt opp til ei samordning av revisjonane.

Vågå kommune meiner at det må settast krav om minstevassføring i Veo ettersom når Smådøla kraftverk kjem i drift vil det bli snakk om å overføre så mykje vatn som mogleg frå Veo. Ved ein vilkårsrevisjon skal det leggjast vekt på miljøforbetrande tiltak. Vurdering av behov for minstevassføring i Veo vil difor vere heilt naudsynt. Ein må da søke å finne løysningar som ivaretek både omsynet til Veo og Tesse.

### **Delegasjon:**

Ingen konsekvensar for delegasjonsreglementet.

### Rådmannens innstilling:

- I følge revisjonsdokumentet kjem det fram at når Smådøla kraftverk kjem i drift blir det sannsynligvis aktuelt å overføre så mykje vatn som mogeleg frå Veo. Dette er eit nytt element i reguleringa som må takast med i vurderinga av kva som var forventta konsekvensar av overføringa på det tidspunktet konsesjon opphavleg vart gjeve. For Vågå kommune er det viktig å sikre at levevilkåra for fisk og andre botndyr i elva ikkje blir dårlegare etter revisjon av konsesjonsvilkåra enn slik det har vore tidlegare. Ei tørrlagt elv vil heller ikkje vere eit pent og ønskjeleg landskapselement i Vågå kommune. Det er difor ut frå omsynet til naturmangfaldet og landskapet heilt avgjerande at det blir sett krav om minstevassføring i Veo.

I revisjonsdokumentet blir det vist til at kravet om minstevassføring vil gje produksjonstap. Slik rådmannen ser det er dette med å støtter kommunen sitt ønskje om at det er naudsynt med krav om minstevassføring i Veo for å sikre at elva ikkje blir tørrlagt. Ved ein vilkårsrevisjon skal det leggjast vekt på miljøforbetrande tiltak og omsynet til produksjonstap kan ikkje gå foran behovet for miljøforbetrande tiltak. For å sikre at Veo når miljømåla jf. «forskrift om rammer for vannforvaltning» vil det også vere heilt avgjerande at det blir sett krav om minstevassføring.

I revisjonsdokumentet står det vidare at dette ikkje er mogleg å sette krav om minstevassføring ettersom det vil stå i motstrid til nye føresegner om fylling av Tesse til et nivå på 3,5 m under HRV 1. juli. I kommunestyrevedtak av 8. mai 2012 vart det vist til at overføringa er nær knytt til Tessereguleringane og at kommunen finn det uheldig at det ikkje vart lagt opp til ei samordning av revisjonane. Det at det no blir vist til at det ikkje er mogleg å sette krav om minstevassføring på grunn av nye føresegner for fylling av Tesse viser at Vågå kommune hadde rett i at det burde ha vore lagt opp til ei samordning av revisjonane. Vågå kommune meiner at det må settast krav om minstevassføring i Veo ettersom når Smådøla kraftverk kjem i drift vil det bli snakk om å overføre så mykje vatn som mogleg frå Veo. Ved ein vilkårsrevisjon skal det leggjast vekt på miljøforbetrande tiltak. Vurdering av behov for minstevassføring i Veo vil difor vere heilt naudsynt. Ein må da søke å finne løysningar som ivaretek både omsynet til Veo og Tesse.

- Vågå kommune er samd i at GLB som konsesjonshavar bør påleggast å utarbeide ein uttaks- og istandsettingsplan for tippområdet ved tunnelutløpet i Lom kommune, som tillet at massane fortsatt kan utnyttast til vedlikehald av veganlegga i Veodalen og Smådalen.
- Ved revisjon av konsesjonsvilkåra bør dagens standardvilkår for konsesjonssaker bli innført, og eksisterande vilkår må modernisert i tråd med gjeldande praksis.

## Saksprotokoll i Kommunestyret - 02.03.2015

### Behandling:

Samrøystes

### Vedtak:

- I følge revisjonsdokumentet kjem det fram at når Smådøla kraftverk kjem i drift blir det sannsynligvis aktuelt å overføre så mykje vatn som mogeleg frå Veo. Dette er eit nytt element i reguleringa som må takast med i vurderinga av kva som var forventna konsekvensar av overføringa på det tidspunktet konsesjon opphavleg vart gjeve. For Vågå kommune er det viktig å sikre at levevilkåra for fisk og andre botndyr i elva ikkje blir dårlegare etter revisjon av konsesjonsvilkåra enn slik det har vore tidlegare. Ei tørrlagt elv vil heller ikkje vere eit pent og ønskjeleg landskapselement i Vågå kommune. Det er difor ut frå omsynet til naturmangfaldet og landskapet heilt avgjerande at det blir sett krav om minstevassføring i Veo.

I revisjonsdokumentet blir det vist til at kravet om minstevassføring vil gje produksjonstap. Slik rådmannen ser det er dette med å støtter kommunen sitt ønskje om at det er naudsynt med krav om minstevassføring i Veo for å sikre at elva ikkje blir tørrlagt. Ved ein vilkårsrevisjon skal det leggjast vekt på miljøforbetrande tiltak og omsynet til produksjonstap kan ikkje gå foran behovet for miljøforbetrande tiltak. For å sikre at Veo når miljømåla jf. «forskrift om rammer for vannforvaltning» vil det også vere heilt avgjerande at det blir sett krav om minstevassføring.

I revisjonsdokumentet står det vidare at dette ikkje er mogleg å sette krav om minstevassføring ettersom det vil stå i motstrid til nye føresegner om fylling av Tesse til et nivå på 3,5 m under HRV 1. juli. I kommunestyrevedtak av 8. mai 2012 vart det vist til at overføringa er nær knytt til Tessereguleringane og at kommunen finn det uheldig at det ikkje vart lagt opp til ei samordning av revisjonane. Det at det no blir vist til at det ikkje er mogleg å sette krav om minstevassføring på grunn av nye føresegner for fylling av Tesse viser at Vågå kommune hadde rett i at det burde ha vore lagt opp til ei samordning av revisjonane. Vågå kommune meiner at det må settast krav om minstevassføring i Veo ettersom når Smådøla kraftverk kjem i drift vil det bli snakk om å overføre så mykje vatn som mogleg frå Veo. Ved ein vilkårsrevisjon skal det leggjast vekt på miljøforbetrande tiltak. Vurdering av behov for minstevassføring i Veo vil difor vere heilt naudsynt. Ein må da søke å finne løysningar som ivaretek både omsynet til Veo og Tesse.

- Vågå kommune er samd i at GLB som konsesjonshavar bør påleggast å utarbeide ein uttaks- og istandsettingsplan for tippområdet ved tunnelutløpet i Lom kommune, som tillet at massane fortsatt kan utnyttast til vedlikehald av veganlegga i Veodalen og Smådalen.

- Ved revisjon av konsesjonsvilkåra bør dagens standardvilkår for konsesjonssaker bli innført, og eksisterande vilkår må modernisert i tråd med gjeldande praksis.